



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG


Vår dato: 05.08.2020
Vår ref: 2020/11157

Dykkar dato: 08.07.2020
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 123/41 - Risa - oppføring av lager / garasje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.07.2020. Saka gjeld søknad om rammeløyve til oppføring av lager/garasje og søknad om dispensasjon frå arealformålet LNF i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og frå byggeforbodet i strandsona.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjoner, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv,



landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast.

Lindås ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»

Fylkesmannen er såleis i utgangspunktet negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging.

I denne saken er det naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formål og pbl § 1-8. Området er tidlegare planert, men må reknast som tilgjengeleg strandsone. Eit bygg her vil føre til auka privatisering og nedbygging av funksjonell strandsone. Fylkesmannen kan ikkje tilrå dette.

Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av samfunnsinteresser som kan vege opp for dei negative konsekvensane for strandsona.

Vi er også uroa for kva verknad ein dispensasjon i denne saka kan få for liknande sakar i kommunen.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til lagerbygg i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent